


KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



NR. 5 ADVENT 2011
36. ÅRGANG

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 80
Tom Sverre Tomren	45 63 68 93
Inge Sørheim	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 86

Prestane:

Sokneprest Tom Sverre Tomren
Tlf: 45 63 68 93

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes - tlf: 56 39 06 26
Organist Liv Skoglund - tlf: 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424
Nestleiar: Jenny Eikeland
John Hundhammer, Otto Mo, Jan Roald Myking,
Wenche Fiskeseth, Inge Sørheim.

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Roger Breivik
Hosanger: Jan Roald Myking
Hamre: Merethe Mjelstad
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Wenche Fiskeseth

Kyrkjeleg redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 476 18 124
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Hild Breivik
Anne-Mari Hannisdal Haga

Layout: Oda Karoline Foldøy

Advent



Så er vi der att. Kalenderåret tek fatt på sin siste månad, og kyrkeåret på sin første. Dei gamle historiene, dei tradisjonelle songane og pynten frå tidlegare år får ny aktualitet. Vi hentar alt fram, ennå ein gong.

Julebiletet på framsida er ganske gammalt, meir enn 500 år, men allikevel ikkje heilt etter oppskrifta. For han som laga det tok nokre grep i framstillinga som han var ganske så aleine om i si samtid. Vi har att 25 målarstykke etter han, sju av dei er signerte. Kunstnaren var frå Nederland, og vert kalla *Hieronymos Bosch*. Han var fødd i 1450 og døydde i 1516. Biletet vårt er hovudfeltet i ei altertavle som ein no finn utstilt på Prado-museet i Madrid, og er eit av dei signerte. Det viser Maria med barnet, dei tre vise menn som kjem med sine gåver, men så dukkar det opp ein del underlege ting i tillegg.

Fødselsscena er sett inn i eit landskap som gjerne kunne vera frå Nederland og stallen ser ut som ei litt medteken utløe. I bakgrunnen står det også ei lita vindmølle. Når det gjeld framstillinga av dei tre vise menn, er Bosch heilt innafor tradisjonen: Ein er gammal, ein er ung og ein frå Afrika. Den eldste er først framme med si gave.

Over stallen ser vi ei stjerne, ikkje så veldig stor, allikevel tydeleg nok. Så er det ein del andre menneske med som vi ikkje så lett kan identifisera. To forvitne personar er oppe på taket, den eine har med seg ei sekkepipe. Ein flokk pussig kleddde folk står inne bak veggen og kikkar fram. Nokre kan høyra med i følget til dei vise menn. Men det er ikkje så mykje heilagt over desse, det er mest som dei har ramla inn i biletet ved eit uhell.

Desse uvanlege og intense figurane Bosch opererer med i dei fleste bilete han har laga, har gjort at mange i vår tid ser på han som grunnleggjaren av surrealismen. På mange måtar er han ein tidlaus og moderne malar, samstundes veit vi at han også var populær i si samtid. Då tolka ein dei merkelege figurane som symbol på lastefulle menneske, og såg på bileta hans som moralske peikefingrar.

- Kristoffer Foldøy

Guds ord og Guds kroppsvarme

Andakt ved Halvor Nordhaug, biskop i Bjørgvin

Det er ikkje alltid sant at ”taushet er gull”. Nokre gonger kan det vere øydeleggjande å ikkje seie noko. Dersom det lenge blir stille mellom to vene, er som regel vennskapen i krise. Og dersom nokon vi er glade i knip munnen saman, tenkjer vi fort at noko er galt. Kjærleiken treng ord, gode ord.

I jula feirar vi at Ordet frå Gud er kome til oss. Gud har noko på hjarta, han vil oss noko. I Maria si livmor skjedde det at ”Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss.” (Joh 1,14). Gud grip ordet og han gjer det gjennom snikkarsonen Jesus frå Nasaret. Slik Jesus er, slik er Gud.

Gud knip ikkje igjen munnen. Vi treng ikkje lure på kva han tenkjer om oss, men kan høre kva Jesus seier: *”For så elskar Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.”*


Jesus går ikkje lenger rundt slik at vi kan sjå og høre han. Men han er hos oss framleis, og ordet hans er nær kvar og ein av oss i Bibelen. Ja, det går faktisk an å seie at orda hans no er komne oss endå nærare. I år har vi nemleg fått ei ny bibelomsetjing. Det er ei stor og gledeleg hending. La denne boka bli årets julegåve!

Det kan vere vanskeleg når kjende og kjære bibelord blir omsette på nye måtar. Då den fyrste nynorskbibelen kom i 1921, skal det visstnok ha vore ein eldre mann som sa: ”Er det ikkje lenger godt nok at Skrifta er på det språket Meisteren sjølv tala?”

Guds ord må likevel stadig omsetjast på nytt, dersom det skal kome nær oss og røre ved oss. Språket vårt er heile tida i endring. Ord som tidlegare kunne fungere, gjer det ikkje lenger. Medan det eksempelvis tidlegare stod om kyrkja at den var Kristi ”lekam” (1 Kor 12), står det no at den er Kristi ”kropp”. Dette er kanskje den viktigaste endringa i den nye omsetjinga. Mens ”lekam” er noko daudt og abstrakt i øyro våre, er kroppen levande kjøt og blod.

Når kyrkja blir Kristi ”kropp” blir linja trekt endå klarare til jula. Slik Jesus var ein fysisk og levande kropp som møtte menneske sine kroppslege behov, skal også vi i kyrkja vere ein fellesskap der menneske kan kome med heile livet sitt og kjenne noko av Guds eigen kroppsvarme. Måtte mange menneske i Bjørgvin få oppleve kyrkja på denne måten!

Eg ønskjer dykk alle ei glad og signa jul!



JULELUNSJEN I DEN GAMLE MARIA-KYRKJA

I ein gammal bydel i Roma med trange mellomalderske gateløp ligg ei av dei eldste kyrkjene i byen, Santa Maria in Trastevere. Her inne i kyrkja starta dei ein tradisjon med å servera julelunsj i 1982 som har spreidd seg til kyrkjer og byrom rundt i heile verda.

Tekst: Kristoffer Foldøy

Første juledag i året 1982 inviterte Sant'Egidio-samfunnet i Trastevere ei lita gruppe med fattige menneske på julelunsj i den vakre Santa Maria-kyrkja i bydelen. Det var om lag tjue personar som var innbedne. Nokre var heimlause, andre var einsame eldre, og nokre var fattige som vandra rundt i gatene i millionbyen.

Sidan den tid har det kvar juledag blitt dekka bord inne i kyrkja. Dei siste åra har 2000 menneske fått servering der, og ryktet om denne flotte handlinga har fått skikken til å spreia seg. I fjor reknar ein med at om lag 100 000 menneske fordelt på alle verdsdelane var samla rundt bord med god mat i godt og vel 500 byar kringom i heile verda. Det var dekt opp i kyrkjer og i institusjonar, ute i gatene og til og med i fengsel. I fleire latin-amerikanske land er det blitt skikk at ungdom oppsøkjer eldre einsame med mat på juledagen. Og det skjer her i landet også. Lat oss sjå litt meir på opphavsstaden til dette gode tiltaket, og tankane som ligg bak.



Servering i kyrkjerommet.



Santa Maria-kyrkja i Trastevere

Moderne kyrkjer er bygde med tanke på å romma fleire aktivitetar enn berre gudstenestene, og her er fleire rom i bygget enn skipet og koret. Det er gjerne tilrettelagt med forsamlingssal, møterom, kjøkken, og så vidare.

Kanskje var det litt underleg då at skikken med julelunsj tok til i ei av dei eldste kyrkjene ikkje berre i Roma, men i heile verda, der fasilitetane er svært enkle. Men finare spisesal finn ein neppe nokonstad. Kyrkja kan føra historia si tilbake til 200-hundretalet då pave Calixtus hadde messe der. Denne paven har også fått kvilestad i ei krypt under alteret. Men kyrkjebygget vi ser i dag er for det meste resultat av to ombyggingar, ein på 700-talet og ein på 1100-talet. Etter 1159 er lite gjort med det innvendige av bygget, og i koret møter vi nokre strålende mosaikkar frå den tid. Søylerekkjene i kyrkja kjem fra keisar Caracalla sine romerske bad, og golvet er dekorert med steinar i vakre fargar og mønster også utført på 1100-talet av Cosmati-verkstaden.



Strålende kor-mosaikk for det meste frå 1100-talet.

Bydelen Trastevere

Trastevere er ein av dei eldste bydelane i Roma. Framleis kan ein her tusla rundt i mellomalderen sine gateløp. Bydelen er som ein landsby i storbyen. Namnet Trastevere tyder *Den andre sida av Tevere*, eller Tibern, som vi kallar elva som renn gjennom Roma. Det skal finnast menneske i bydelen som ikkje har sett føten sin på den andre sida av elva, så patriotismen lever nok også der.

I keisar Augustus si tid, altså rundt Jesu fødsel, var det mange jødar som budde her. Seinare er den jødiske ghettoen flytta rett over på motsatt bredd, der den jødiske synagoga står i dag. I året 38 før Kristus spruta ei kjelde med jordolje opp der Santa Maria-kyrkja no står, og dette tok jødane i området som eit Messias-førersels.

Saint'Egidio-organisasjonen

Denne katolske organisasjonen blei grunnlagd i 1968, og har hovudsetet i Trastevere, i ei klosterkyrkje like ved Santa Maria-kyrkja. No har organisasjonen forgreiningar i mange land og driv eit omfattande hjelpearbeid. Dei er opptekne av samarbeid på tvers av trusretningane, fredsarbeid og rein humanitær hjelp. Saint'Egidio – organisasjonen er svært moderne i det praktiske arbeidet, og står samstundes godt planta i ein ortodoks tradisjon. Dei arbeider mellom anna mot dødsstraff, og i USA deltek dei aktivt i debatten.

"American Magazine":

"Den mest viktige katolske organisasjonen du kanskje aldri har hørt om er Saint'Egidio – organisasjonen. Dei har greid å få til fredsavtalar i konfliktoner, dei pressar FN for å vedta eit generelt forbod mot dødsstraff, og dei driv eit av dei mest effektive anti-AIDS program i Afrika"

Den heilage Frans frå Assisi kalla julen for "Festen over alle festar". For han betydde det at ingen skulle vera utstengde for gleda og feiringa, ikkje ein gong dyra. Han kleddet seg sjølv ut som ein tiggjar og oppsøkte rike geistlege som han sette seg til bords med for å minna dei på at juleglede skulle vera for alle.

Jesus sa:

"Når du vil halda eit middags- eller kveldslag, så bed ikkje vene og bror og skyldfolk og rike grannar. For dei kjem til å be deg att, så du får vederlag. Nei, når du vil halda gjestebod så bed inn fattige, uføre, lame og blinde. Då vert du lukkeleg, for dei har ikkje noko å gje att"

(Lukas 14, 12-14.)

SUNDAGSSKULEBILETE



Redaksjonen har fått tilsendt to gamle bilete som viser sundagsskulen i Hosanger for om lag 75 år sidan. Det eldste, som står øverst her, er datert 1937. Det andre er nokre få år yngre.

På biletet over ser vi sitjande i første rad, frå venstre: Harald Kvalheim, Johannes B. Hoshovde, Johannes O. Mjøs, Nils Johan Lavik, Torgeir Kvalheim, Anna Mjøs, Inger Marie Lavik, Alvilda Mjøs (Myhr) og Målfrid Nordås (Nydal).

Rekkja ståande bak, frå venstre: John Hoshovde, Per Forthun, Magnhild Hartveit (Tveiten), Johanna Mjøs, Gunnhild Åsheim (Mjøs), Torbjørg Thorstensen (Kleppe), Astrid Mjøs (Hoshovde), Kari Åsheim (Forthun) og Kari Lillejord (Utne).

Bakerst står to vaksne. Til venstre fra Kvalheim, som var kona til ein prest som budde i Mjøsdalen, men arbeidde i Det norske misjonsselskap. Til høgre står Aagot Lavik, kona til soknepresten i Hosanger, Trygve Lavik.

På biletet under: Born som set framme i lyse klede, frå venstre: Olav Hole, Reidun Holm, Kjell Holm, Else Hoshovde (Hellevang). Heilt framme i midten Janny Mostrøm og rett bak Kari Lillejord (Utne). Til høgre framme set Eimund Vikesund, rett bak han Målfrid Nordås (Nydal). Heilt til høgre set Magnhild Vikesund med Rannveig Vikesund i fanget.

Rekkja som står, frå venstre: Harald Kvalheim, Erling Hole, Torgeir Kvalheim, Per Øfsthus, Johannes O. Mjøs, Leif A. Mjøs, Alvilda Mjøs (Myhr), så i mørk kjole Astrid Mjøs (Hoshovde) og heilt til høgre Ingrid Mjøs (Hellevang). **Bakerst, frå venstre:** Per Forthun, John Hole, Johannes B. Hoshovde, Kåre Hollevik og fru Kvalheim. Heilt til venstre set frøken Andersen, syster til fru Kvalheim. Dama som set rett til høgre for henne var hushjelp hjå Kvalheim.



KYRKJELYDSBASAREN I HAUS

Nære på 100 personar var samla til kyrkjelydsbasar i Haus laurdag ettermiddag den 29. oktober. Johannes Melve held andakt. Etterpå vart det anledning til å kjøpa kaffi og kaker. Og så var det full gang med åretrekningar med mange flotte gevinstar. Borna fekk prøva vinnarlukka i "fiskedam".

Totalt kom det inn 55000.- Takk til alle som har bidratt med gevinstar, sal av bøker og kakebaking.
Ein kjempeflott dognadsinnsats.

Kyrkjelydshuset er mykje i bruk til ulike samkomer og me gler oss no over ha fått sett inn foldedor mellom store - og småsalen og at huset har kapasitet til både store og små samkomer.

Ønskjer du å leiga er det berre å ta kontakt med Nils Lygre **56390161** (97197809) eller kyrkjekontoret **56192280**.

- *Haus sokneråd og husstyret.*

Gevinstliste på bøker:

1. Hardanger stålbestikk: Reidun Vevle.
2. Utskoren ørn i tre(motorsagkunst): Runar Trefall
3. Dobbelt vaffeljern: Solveig Flesland
4. Gavekort Kiwi kr. 500.: Hildegunn Veseth
5. Ullpledd: Elias Marøy
6. Dobbelt sengesett: Stig Arne Rolland
7. Røykelaksside m skjerefjøl: Berit Kristine Rolland
8. Lita kipe: Anny og Mikal Daltveit
9. Bilvask Hydro-Texaco: Jenny og Jarle Eikeland
10. Damejakke frå Norlænder: Kurt Vatle
11. Utskoren rypa i tre: Tor Lone
12. Fiskestang: Torunn Fosmark
13. Røykelaksside m skjerefjøl: Gunn Karin Hansen
14. TV-kanne: Margrethe Ådland
15. Barnejakke m vottar og hue: Ingebjørg Refsnes
16. Foto over Mjeldalen/Haus frå fotograf Storebø: Audhild M Torp



50-ÅRSKONFIRMANTAR I HAUS



1. rad frå v. Vigdis Fossheim, Margrethe Normann, Inge Sørheim, Liv-Wenche Kvalvåg, Beate Beate Tangen.

2. rad frå v. Eiliv Veseth, Knut Vatle, Asbjørn Stokke.

50-ÅRSKONFIRMANTAR I HOSANGER



1. rad frå v. Lillian Karin Fosdal, Wenche Asbjørg Heldal Isaksen, sokneprest Inge Sørheim, Marit Else Jonsson, Helga Kristen Birkeland.

2. rad frå v. Kari Johanna Bjørgen, Asbjørg Johanne Zachariassen, Åshild Lanczy, Gunnlaug Hole Brunborg,

Bjørg Oddny Birkeland, Kari Håheim Knutsen, Reidun Klausen, Astrid Hanstvedt, Margunn Bergit Hay Tysse.

3. rad frå v. Øystein Jørgen Røslund, Jan Herland, Finn Henrik Gulbrandsøy, Malmfrid Munnveig Skaar, Liv Hartveit, Anni Bjørg Hagebø, Magnhild Marie Pedersen Vonheim, Selma Elin Fantoft, Malvin Olav Toft, Kjell Systad.

4. rad frå v. Bjarne Erstad, Jan Bjørsvik, Anders Bjarne Stusdal, Atle Normann Kirkevik, Steinar Nese, Jakob Aasheim, Oddvar Trygve Haugland, Bjørn Olav Benjaminsen, Thor Jarle Jæger Eriksen.

50-ÅRSKONFIRMANTAR I GJERSTAD



Fotograf: Rune Solberg

1. rad frå v. Reidun Langeland Thunes, sokneprest Sverre Tom Tomren, Oddny Helene Ellingsen Solberg, Anna Irene Skjerping

2. rad frå v. Rigmor Eriksen Håland, Sigrun Johanna Solberg Skaftun, Torunn Jacobsen, Kjellaug Søgne sand Gravdal, Solveig Løtveit Hagesæter, Bjarte Johnsen.

3. rad frå v. Knut Hannisdal, Martin Hjelle, Håkon Ingvald Midtun, Arve Låstad, Gunnar Njåstad.

4. rad frå v. Norodd Helle, Leiv Mæhle, Malvin Holsen, Bjørn Atle Øksnes, Trygve Solberg, Knut Bruvik.

50-ÅRSKONFIRMANTAR I HAMRE



Fotograf: Rune Solberg

1. rad frå v. Wenche Jenny Bernes, Karin Loftesnes, sokneprest Inge Sørheim, Reidun Eikelund Halvorsen, Torunn Fosmark

2. rad frå v. Eli Uglenes, Anne Marie Molvik, Astrid Margrete Løtveit, Elin Mæhle, Ingeborg Valestrand Formo, Åshild Valestrand, Turid Reigstad, Berit Johannessen

3. rad frå v. Rune Mostrøm, Johannes Hjellvik, Jon Daltveit, Kåre Olav Raknes, Arild Dyrkolbotn, Tor Runhovde, Olav Arnt Hopsdal, Alf Magnar Angelskår, Sjur Vemund Fyllingsnes

4. rad frå v. Sverre Låstad, Gunnar Nepstad, Hans Tufta, Lars Olav Birkeland, Olav Tufta, Torleif Birkeland, Jostein Magnar Hordvik, Terje Heggernes

BIBLAR TIL AFRIKA

Bibelen kan endre Afrika! I dag ser vi at den sørlege delen av Afrika blir dominert av dei kristne kyrkjene, og store delar av folket vedkjenner seg kristen tru. I den sentrale og nordlege delen av kontinentet er situasjonen annleis.

Tekst: Bibelskapet

Mange statar har ein stor muslimsk folkesetnad og mange praktiserer framleis gamle religionar. I 2012 vil Bibelskapet rette merksemda mot Etiopia, Afrikas mest folkerike stat, eit stort land med ei av dei eldste kyrkjene i verda. I motsetnad til resten av Afrika har Etiopia aldri vore ein koloni under europeiske statar. Men det er eit av dei fattigaste landa i verda med ein stor folkesetnad på landsbygda med låg utdanning.

Det er stor interesse for Bibelen i Etiopia. Men landet har mange folkeslag som talar ulike språk. Det er ei stor utfordring å skaffe biblar til alle. Omsetjing til mange av dei lokale språka er viktigast. Talet på biblar som blir spreidd aukar stadig, men det er vanskeleg å skaffe nok biblar til ein rimeleg pris slik at også den fattige delen av folket kan få sin eigen bibel.

Bibelskapet har utvikla eit program for å avgrense utviklinga av HIV/AIDS. Det er svært suksessrikt i Etiopia. Ved hjelp av bibeltekstar – og særleg likninga om den miskunnsame samaritanen blir det opna rom for samtalar om korleis ein skal leve for å unngå smitte, og korleis ein skal ta vare på dei som allereie er råka.


Verda har vore vitne til enno ei sultkatastrofe på Afrikas horn. I ei slik tid er det mange munnar å mette, kropper som treng varme og sjeler som treng næring og von. Kyrkjene i Etiopia er aktivt involvert i naudhjelpsarbeidet som blir utført.

Bibelskapet i Etiopia hjelper kyrkjene med å gi bodskapen om von gjennom å sørge for Det nye testamentet på lokale språk til dei som ønskjer det, både i papirform og på kassettar. Særleg i flyktningleiarar med mange eritrearar er det stor etterspurnad etter biblar.

Midla som blir samla inn på Bibeldagen vil mellom anna gå til:

- Omsetjing til seks lokale språk
- Biblar til skuleungdom og studentar
- Utvikling og distribusjon av lydbøker for dei som enno ikkje kan lese
- Avgrense utviklinga av HIV/AIDS

Kvart år blir det lagt uut informasjon og bilete frå bibeldagsprosjektet på www.bibel.no/bibeldagen. Bibelbaserte traktatar til utdeling kan tingast frå Bibelskapets nettbokhandel: www.bibel.no/traktater eller på e-post: bibelmision@bibel.no



SETT NEDANFRÅ



Det årlege vismannsforedraget i Hamre kyrkje vert i år ved Thor Brekkeflat. I perioden han var gateprest i Bergen kom han ofte i mediefokus.

Tekst: Kristoffer Foldøy

Når figurane av dei tre vise menn vert henta fram og startar vandringa si bakerst i Hamrekyrkja, er det også tid for at eit klokt menneske frå vår tid skal snakka til oss i kyrkja. I år kjem Thor Brekkeflat, og fokuset hans er dei menneske han møter mange av i tenesta si, dei nederst på rangstien. Spesielt er advents – og juletida vanskeleg for dei. Medan alle andre i samfunnet ser ut til å sjå fram mot jul med forventningar, gjev tanken på høgtida for mange av desse stikk motsette signal. Einsemid og fattigdom står i stor kontrast til familiesamkomer, festmåltider og bugnande presanghaugar under juletrea, slik normal-jula gjerne vert framstilt.

Brekkeflat arbeider no i "Kirkens bymisjon", avdeling Bergen. Han er fødd i 1955, og starta yrkeskarriären sin som urmakarlærling. Seinare jobba han ein periode i TV2. Prest i Bergen har han vore i 25 år, og gateprest/bymisjonsprest dei siste 14. Han var med og starta "Natteravnene" i Bergen. I haust starta han på sin fjerde periode i bystyret. Brekkeflat har også gjeve ut ei bok, "Slik kan livet også være".

Foredraget hans har tittelen "Advent og juletid – sett nedenfra". Alle er velkomne i Hamre kyrkje onsdag 7. desember klokka 19.00 for å høyra.



Denne skulpturen er laga av Arne Mæland som ei gave til Bergen bymisjon. Vi møter figuren sentralt i Bergen. Han kan gjerne vera ei påminning for oss i desse adventstider om at ikkje alle har det like greit.



DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy

DESEMBER

2. sundag i advent, 4. desember 2011:

Hamre kl. 17: Lysmesse. Dåp. Sørheim.

Gjerstad kl.19: Lysmesse. Tomren.

Hosanger kl.20: Lysmesse. Sørheim.

3. sundag i advent, 11. desember 2011:

Gjerstad kl.11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Tomren.

Bruvik kl.17: Lysmesse og julekonsert.

Sokneprest Tom Sverre Tomren, kantor Kåre Rivenes, konfirmantane, Haus musikklag og kulturskulen sitt barnekor. Takkoffer til Osterøy sundagsskule / musikantane.

4. sundag i advent, 18. desember 2011:

Hosanger kl.17: Gudsteneste/Me syng julalåt inn. Sørheim.

Kor for ikkje, Askeladden, Fotlandsvåg musikklag.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Julaftan, 24. desember 2011:

Bruvik kl.12.30: Familiegudsteneste. Tomren.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hamre kl.14: Familiegudsteneste. Sørheim. Hamre/Hjellvik
Musikklag deltek. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Gjerstad kl.14.30: Familiegudsteneste. Tomren.
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Haus kl.16: Familiegudsteneste. Tomren.
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Hosanger kl.16: Familiegudsteneste. Sørheim.
Fotlandsvåg musikklag deltek. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Juledag, 25. desember 2011:

Haus kl.11: Høgtidsgudsteneste. Tomren.
Takkoffer til NMS.

Hamre kl.12: Høgtidsgudsteneste. Sørheim.
Valestrand Musikklag. Takkoffer til NMS.

2. juledag (Stefanusdagen), 26. desember 2011:

Gjerstad kl.11: Felles høgtidsgudsteneste. Sørheim.
Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til NMS.

Nyttårsaften, 31. desember 2011:

Hosanger kl. 23:15: Midnattsgudsteneste. Sørheim.

JANUAR

Sundag 8/1-2012, Kristi openberringsdag

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Tomren.

Hamre kl 11: Høgmesse. Sørheim.

Sundag 15/1-2012, 2. sundag i openberringstida

Haus kl 11: Høgmesse. Tomren.

Bruvik kl 17: Høgmesse. Tomren.

Sundag 22/1-2012, 3. sundag i openberringstida

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Tomren.

Hosanger kl 11: Høgmesse. Sørheim.

Sundag 29/1-2012, Vingardssundagen

Hamre kl 11: Høgmesse. Sørheim.

FEBRUAR

Sundag 5/2-2012, Såmannssundagen

Haus kl 11: Familiemesse. Tomren.

Hosanger kl 11: Familiegudsteneste. Bibeldags-markering i samarbeid med Sion Bysheim.

Sundag 12/2-2012, Kristi Forklæringsdag

Gjerstad kl 11: Familiegudsteneste. Tomren.

Hamre kl 11: Familiegudsteneste. Sørheim.

Sundag 19/2-2012, Fastelavnssundag

Bruvik kl 11: Høgmesse. Tomren.

Onsdag 22/2-2012, Askeonsdag

Haus kl 19: Fastegudsteneste. Tomren.

Sundag 26/2-2012, 1. sundag i fastetida

Hosanger kl 11: Høgmesse. Sørheim.

Slekters gang

Døypte:

Haus

04.09.11 Therese Ramstad Furevik

25.09.11 Adela Randine Torp

16.10.11 Sander Hernar Andersen

06.11.11 Gabriella Fosse Askeland

06.11.11 Henriette Standal Hernar

Gjerstad

10.09.11 Anders Gerhardsen

10.09.11 Mads Gerhardsen

Hamre

11.09.11 Åsmund Hustrulid Lona (busett Bergen)

25.09.11 Thomas Ytrestøl Vedå

09.10.11 Marita Kjølstad Steen (Haus sokn)

09.10.11 Rebecca Tysse Daltveit (Gjerstad sokn)

09.10.11 Sander André Stordal (Gjerstad sokn)

09.10.11 Viktor Unneland Haufe Aarskog

20.11.11 Vilde Tveiten

20.11.11 Martin Eikeland

20.11.11 Sunniva Sofie Raknes Vikheim (busett Åsane)

20.11.11 Marina Raknes (busett Bergen)

20.11.11 Malin Lone Hansen

20.11.11 Aron Revheim Aksnes (Gjerstad sokn)

20.11.11 Mari Dommarsnes

Hosanger

02.10.11 Aksel Kevin Øksnes (Hamre sokn)

02.10.11 Anders Løtveit

02.10.11 Andreas Wermundsen Thorsen

23.10.11 Kora Neu-Bysheim

27.11.11 Emiil Nesheim Aadland

27.11.11 Torleif Fossbakken (Gjerstad sokn)

27.11.11 Hanne Angell Tyssebotn (Hamre sokn)

Vigde:

Gjerstad

10.09.11 Linn Aasheim og Sigve Gerhardsen

Gravlagde:

Gjerstad

06.09.11 Johannes M. Presttun (f.1911)

07.09.11 Nils R. Mæle (f.1931) Bisett Møllendal

09.09.11 Ola J. Borge (f.1929)

13.09.11 Hjørdis Kallekleiv (f.1923)

13.09.11 Turid Vevle (f.1039) Bisett

21.10.11 Olav Reigstad (f.1912)

01.11.11 Hjørdis Lidtn (f.1924)

Hamre

14.10.11 Maalfrid Reigstad (f.1921)

28.10.11 Lars Bleikli (f.1930)

04.11.11 Astrid Hustrulid (f.1916)

Hosanger

16.09.11 Gunhild Njåstad (f.1918)

27.09.11 Gunnhild Løtveit (f.1918)

30.09.11 Anna G. Bernes (f.1925)

04.10.11 Ingvald Tepstad (f.1923)

25.10.11 Einar Øvsthus (f.1919)

11.11.11 Ingeborg S. Halvorsen (f.1917)

11.11.11 Elsa Tepstad (f.1924)

Bruvik

08.11.11 Margit Nordås (f.1917)

ANNONSAR

REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30



Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen
www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLK TREFFES
OSTERØYKROA
56193434



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg



SparebankenVest

- satsar på Vestlandet

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no



Kirkens SOS

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINTALLASJONER
AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR

Thunestvedt

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00
www.thunestvedt.no

TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

NYOPPDAGA LEONARDO DA VINCI- MÅLERI

I ei kunstsamling i Paris meiner dei no å ha funne att eit måleri av Leonardo da Vinci som ein trudde var forsvunne.

Tekst: Kristoffer Foldøy

I eit dokument frå 1506 kan ein lesa at Louis 12. bestilte eit måleri av Leonardo, og ein annan stad står det at biletet var ferdig i 1513. Tittelen var "Salvator Mundi", på norsk "Verdas frelsar". Motivet med Jesus som velsigner verda har mange kunstnarar gjeve form til.

Biletet blei seinare overlevert til ein religiøs orden i Nantes, og i 1650 blei det laga eit trykk der ein nyttet biletet som eit utgangspunkt. Etter den tid kjenner ein ikkje heile historia til biletet, men no heng det i samlinga til Jan Louis de Ganay i Paris, og er blitt vitskapeleg undersøkt.

Ekspertane er rimeleg samstemde om at det er ein ekte da Vinci som er funne att, rett nok har det blitt modernisert med litt nyare målingsstrøk her og der. Den blå kappen er ikkje original, og kula som Jesus held i handa er også flikka på. Likskapen med andre portrett som Leonardo har gjort, er i alle hove tydeleg. Kunstnaren nyttet ein målarteknikk utan tydelege strekar, berre med overgangar mellom lys og mørke, eller mellom fargar. "Har du sett strekar i naturen?" spurde han kritikarane sine.

Det mest kjende portrettet hans er nok "Mona Lisa", som også heng i Paris. Vi har dokumentert fleire andre Leonardo-bilete som også er forsvunne. Så det er berre til å leita!



"Kyrkjehelsing" vil ønskja alle lesarar ei fin adventstid og ei god jul, når vi kjem så langt.
Dei som vil ha stoff med i nr. 1, 2012, må senda det til underteikna innan **15.02.**

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandfossen.
E-mail: kristofferfo@gmail.com



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsaum

bunadsølv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no